

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	16/188

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2016	Valnemnda	PS	31.05.2016
049/2016	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Val av jordskiftedommamarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Vedlegg:

Journalposttittel

Val av jordskiftedommarar til jordskifteretten for perioden 1. jan. 2017 - 31.12.2020

Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Dato

22.02.2016

10.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meddommarar til jordskifterettene for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

. .
. .
. .
. .
. .
. .
. .
. .
. .

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune skal etter kommunevalet i haust velje følgjande grupper av meddommarar / lagrettemedlemmer:

- lagrettemedlemmer / meddommarar til lagmannsretten
- meddommarar til tingretten
- **jordskiftemeddommarar til jordskifteretten**

Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m (jordskiftelova) § 2-5, 2.ledd slår fast at utvalet av meddommarar til jordskifteretten skal utpeikast etter reglane i domstollova om val av meddommarar. Lov om domstolane (domstollova) § 66 slår fast at lagrettemedlemmer og meddommarar skal veljast av kommunestyret sjølv. Valet gjeld for 4.år.

Dei nye kommunestyra som vart valt hausten 2015, skal innan 01.07.2016 velje lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Det skal vere to utval for meddommarar til tingretten; eitt for kvinner og eitt for menn (jf § 65 i domstollova).

Domstollova § 68, 3.ledd slår fast at ingen kan veljast til meir enn eitt av utvala. I brev frå Domstoladministrasjonen dagsett 17.11.15 er dette forklart slik:

Personer kan velges enten til lagmannsretten eller til tingretten, men ikke begge steder. De som velges enten til tingretten eller lagmannsretten, kan imidlertid velges til jordskiftemeddommere eller foreslås som skjønnsmenn.

Fakta

Domstollova § 67 seier at utvala av lagrettemedlemmer og meddommarar skal ha ei allsidig samansetning som best mogeleg speglar alle deler av kommunen sine innbyggjarar. Kommunen må difor oppmoda ålmenta til å foreslå kandidatar ved annonse i lokalpressa eller på heimesida. Masfjorden kommune hadde slik annonse på heimesida og i avisa Strilen (15.april) med frist til 25.april for å kome med forslag til kandidatar. Det kom inn to kandidatnamn som begge er oversendt valnemnda.

Jordskiftelova § 2-5 fastslår at medlemmene i utvalet av meddommarar til jordskifteretten skal vere kunnige i saker som jordskiftesoknet til vanleg har.

I brev frå Nord- og Midhordland jordskifterett dagsett 19.05.16 skriv dei at dei har flest saker med meddommarar i landbruksområder. Dei skriv vidare at ny jordskiftelov, som trådde i kraft ved årsskifte, medfører at dei forventar å få fleire saker i by og tettstader. Lensmannsskjønn som gjeld fast eigedom og rettigheter knytt til eigedom, er no avvikla og kompetansen er overført til jordskifterettane. I enkelte saker kan jordskifte skje i kombinasjon med skjønn. Dette gjer at Nord- og Midhordland jordskifterett ønskjer å auke skjønnskompetansen hjå meddommarane. Dei meiner difor det kan vere gunstig om dei har enkelte jordskiftedommarar som og står i skjønnsmannsutvalet.

Jordskifteretten peiker til slutt på at deira saker medfører synfaring i skog og mark og at meddommarane difor må ha normalt god helse og kunne ta seg fram i terrenget.

Masfjorden kommune skal oppnemne 16 meddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett; 8 kvinner og åtte menn (sjå vedlegg).

Krav til dei som skal veljast til lagrettemedlem og meddommarar (utover det som er nemnde over) er

gjort greie for i eige notat frå domstoladministrasjonen (sjå vedlegg) og inneheld tema som:

- krav til norskkunnskap
- personleg egnethet
- aldersgrense (21 – 70 år ved periodestart)
- stemmerett
- økonomiske forhold

Vidare i notatet er det gjort greie for kven som er utelukka til val som lagrettemedlem og meddommarar og inneheld tema som:

- utelukking på grunn av stilling (gjeld bl.a. rådmann, valnemnd og sekretær i valnemnd)
- utelukking på grunn av vandel

Kommunestyret gjorde den 21.06.2012 som sak KS-058/12 følgjande vedtak:

Jordskiftedommarar frå 1.januar 2013 til 1.januar 2017:

1	Gunnar Andvik	9	Anna Haugsdal
2	Frode Lasse Vågseth	10	Heidi Romarheim
3	Eivind Molland	11	Oddrun Sætre
4	Harry Daae	12	Olaug Tveit
5	Jan Fauskanger	13	Kari Areklett
6	Hans Daae	14	Britt S. Daae
7	Bjørn Egil Nordland	15	Tove Kristin S. Tistel
8	Helge Andvik	16	Grethe Haugsvær

Vurdering

Dei valgte meddommarane vert meldt inn til jordskifteretten elektronisk og lista alfabetisk. Den innbyrdes rangeringa av dei valgte meddommarane betyr ikkje noko for kven som vert valt til kva sak.

Skulle ein av dei valgte personane be om fritak i løpet av perioden han / ho er valgt for, er det jordskifteretten sjølv som oppmodar kommunen om å velje ny person viss dei finn det naudsynt.

Konklusjon

Som meddommar til Nord- og Midhordland jordskifterett frå Masfjorden kommune vert det valgt 8 kvinner og 8 menn for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Valnemnda - 004/2016

VA - behandling:

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter

telefonmøte:

Jordskifteretten:

Frode Lasse Vågseth, Bjørn Egil Nordland, Hans Daae, Ivar Duesund, Harry Daae, Ørjan Daae, Helge Andvik, Gunnar Andvik.

Kari Areklett, Grethe Haugsvær, Tove Kristin Sleire Tistel, Britt Sværen Daae, May Wenche Lilletvedt, Laila Haukeland, Tone Knappskog, Lillian Haukeland.

VA - vedtak:

Meddommarar til jordskifterettene for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- | | |
|------------------------------|-----------------------|
| · Kari Areklett | · Frode Lasse Vågseth |
| · Grethe Haugsvær | · Bjørn Egil Nordland |
| · Tove Kristin Sleire Tistel | · Hans Daae |
| · Britt Sværen Daae | · Ivar Duesund |
| · May Wenche Lilletvedt | · Harry Daae |
| · Laila Haukeland | · Ørjan Daae |
| · Tone Knappskog | · Helge Andvik |
| · Lillian Haukeland | · Gunnar Andvik |

Kommunestyret - 049/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Rådmannen gjorde merksam på at det var skrivefeil i framlegg til vedtak frå valnemnda. Lillian Haukeland skal vere Lillian Haugsdal.

Framlegg til vedtak frå valnemnda med rettinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Kari Areklett
- Grethe Haugsvær
- Tove Kristin Sleire Tistel
- Britt Sværen Daae
- May Wenche Lilletvedt
- Laila Haukeland
- Tone Knappskog
- Lillian Haugsdal
- Frode Lasse Vågseth
- Bjørn Egil Nordland
- Hans Daae
- Ivar Duesund
- Harry Daae
- Ørjan Daae
- Helge Andvik
- Gunnar Andvik